

**ÅLESUND KOMMUNE**  
**Kontrollutvalget**

14.02.2017

**MØTEINNKALLING**

Kopi til:  
Ordfører  
Revisor  
Rådmann

Medlemmene av  
Kontrollutvalget

**INNKALLING TIL MØTE I ÅLESUND KONTROLLUTVALG**

Det blir med dette kallt inn til møte

**torsdag, 23.02.2017 kl. 14.30 i Lerstadvegen 545**

**SAKLISTE:**

- Sak 01/17 - Godkjenning av møtebok fra møte 25.10.2016
- « 02/17 - Plan for forvaltningsrevisjon 2017- 2020, Ålesund kommune
- « 03/17 - Kontrollutvalg/sekretariat, revisjon og kommunestrukturreformen
- « 04/17 - Reglement Ålesund kontrollutvalg
- « 05/17 - Årsmelding 2016 Ålesund kontrollutvalg
- « 06/17 - Oppfølging av tidligere sak om lederlønn og utbytte i private barnehager
- « 07/17 - Økonomiske rammer for kontrollutvalget  
Eventuelt

Dersom det er vanskelig å møte, gi melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til daglig leder eller e-post harald.rogne@skiks.no.

Torgrim B. Finnes  
leder  
(sign.)

**KONTROLLUTVALGET I  
ÅLESUND KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 25. oktober 2016, kl. 14.30

Møtested: Lerstadvegen 545

Møtet ble ledet av: Torgrim B. Finnes

Til stede for øvrig: Terje Storm Unhjem, Torbjørg, Fossum, Thor Hansen og Terri-Ann Senior  
Torgrim B. Finnes forlot møtet etter behandlingen av sak 35/16 og var ikke tilstede under behandlingen av sak 37/16. Møtet ble da ledet av Terje Storm Unhjem.

**=4 og 5 voterende**

Fra kontrollutvalgsekretariatet møtte daglig leder Harald Rogne.

Fra kommunerevisjonen møtte revisjonsrådgiver Svein Ove Otterlei.

Kommunalsjef Bjørn Ivar Rødal og økonomisjef Ole Kristian Arntsen i sak 34/16 og 36/16.

Det kom ikke fram merknader til innkalling eller sakliste.

Sakene ble behandlet i denne rekkefølgen: 33/16, 34/16, 36/16, 35/16 og 37/16.

**SAK 33/16**

**GODKJENNING AV MØTEBOK FRA MØTE 20. JUNI 2016.**

**Kontrollutvalgets enstemmige vedtak:**

Møtebok fra kontrollutvalgets møte 20. juni 2016 godkjennes.

**SAK 34/16**

**BUDSJETTKONTROLL PR. 2. TERTIAL 2016**

Saksdokument datert 18.10.2016 fra kontrollutvalgsekretariatet.

Økonomisjef Ole Kristian Arntsen orienterte.

**Kontrollutvalgets enstemmige vedtak:**

1. Kontrollutvalget vil spesielt følge med utviklingen innen utskrivningsklare pasienter, skoler/SFO og barnevern
2. Kontrollutvalget tar saken om budsjettkontroll pr. 2. tertial 2016 til orientering.

**SAK 35/16****KPMG-RAPPORT OM EVALUERING AV ÅLESUND KOMMUNALE EIGEDOM KF**

Saksdokument datert 18.10.2016 frå kontrollutvalgsekretariatet.

**Kontrollutvalgets enstemmige vedtak:**

Kontrollutvalget vil komme tilbake til saken i neste møte.

**SAK 36/16****LEDERLØNN OG UΤBYTTE I PRIVATE BARNEHAGER**

Saksdokument fra kontrollutvalgsekretariatet datert 18.10.2016.

Kommunalsjef Bjørn Ivar Rødal orienterte. Tidligere tilsyn har ikke vært konsentrert om det aktuelle temaet. Bystyret har vedtatt at det skal gjøres 8 tilsyn i året. Han viste til barnehageloven §§ 14 og 16 og presiserte at de kommunale tilskuddene skal komme barna til gode. Tilsynsarbeidet som nå er igangsatt er ikkje avsluttet.

**Kontrollutvalets enstemmige vedtak:**

1. Kontrollutvalget ber om statusrapport i januar 2017
2. Rapporten blir å oversende kontrollutvalget når den foreligger.

**SAK 37/16****DRØFTING AV PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON**

Revisjonsrådgiver Svein Ove Otterleii orienterte om hvordan planen var ment å fungere. Det ville bli lagt opp til en fleksibel og dynamisk hendelsesbasert plan med timebudsjett. Planen tas opp til revisjon en til to ganger i året.

**Kontrollutvalgets enstemmige vedtak:**

Kontrollutvalget stiller seg bak en slik plan som nemnt ovenfor.

Torgrim B. Finnes leder (sign.)	Terje Storm Unhjem nestleder (sign.)	Torbjørg Fossum medlem (sign.)	Thor Hansen medlem (sign.)	Terri-Ann Senior medlem (sign.)
---------------------------------------	--	--------------------------------------	----------------------------------	---------------------------------------

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Ålesund kommune

Dato: 14.02.2017

**SAK 02/17  
PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON I ÅLESUND KOMMUNE**

Som vedlegg følgjer:

- Plan for forvaltningsrevisjon 2017 – 2020 Ålesund kommune

Forvaltningsrevisjon er i forskrift om revisjon § 7 første ledd definert som systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader, herunder om:

- Ressursar blir brukt til å løyse oppgåver i samsvar med vedtak og føresetnadar
- Ressursbruk og verkemiddel er effektive i forhold til måla som er sett
- Regelverket blir etterlevd
- Styringsverktøy og verkemiddel er tenlege
- Grunnlaget for vedtak i politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav
- Resultata i tenesteproduksjonen er i tråd med føresetnadane og om resultata er nådd

Forvaltningsrevisjon er med andre ord meint å vere ein reiskap for det øvste politiske organet i samband med å føre tilsyn og kontroll med forvaltninga og dei resultata som blir oppnådd.

Ayleia seier desse punkta noko om kva forvaltningsrevisjon bør halde fokus mot. Fokuset bør vere å sikre tenlege styringssystem som igjen sikrar ei målretta og kostnadseffektiv drift. Det sentrale ved forvaltningsrevisjon, er vurderingar om resultata er i tråd med vedtak og føresetnader. I denne forstand er den resultatorientert, og ikkje avgrensa til undersøkingar av økonomi. Ein slik forvaltningsrevisjon er i stor grad ei evalueringa av kommunen si administrative leiing med vektlegging av tema som organisasjonen sitt kontrollmiljø, risikovurderingar, interne kontrollaktivitetar og tilsyn med desse.

I forskrift om kontrollutval § 10 første ledd er kontrollutvalet pålagt å lage ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert. Andre setning første ledd krev at kommunestyret sjølv vedtek denne planen, medan kontrollutvalet kan gjere endringar i planperioden etter delegering.

Andre ledd krev at kommunen identifiserer behovet for forvaltningsrevisjon i dei ulike kommunale verksemdene med utgangspunkt i ei overordna analyse basert på risiko- og vesentlegheitsvurderingar.

Planverket skal vere basert på ei overordna analyse med det føremål å skaffe fram relevant og nødvendig informasjon slik at kontrollutvalet kan legge ein plan over kva for teneste- og temaområde som har behov for ein systematisk gjennomgang. I lovforarbeidet vart det sagt at analysen skal vere overordna og heilskapleg, samt gjennomført på kort tid med ein beskjeden ressursinnsats.

Til slutt i planen går det fram at i kommunar som blir berørt av kommunereformen bør både overordna analyse og val av prosjekt vurderast ut i frå andre mulige behov enn tidlegare. Det kan vere behov for ein meir fleksibel og hendelsesbasert tilnærming med rullering etter behov, gjerne ein til gongar i året.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

**innstilling:**

1. Bystyret vedtek framlagt plan for forvaltningsrevisjon for 2017-2020
2. Bystyret gir kontrollutvalet fullmakt til å prioritere forvaltningsrevisjonar innan for ramma for overordna analyse gitt i Plan for forvaltningsrevisjon 2017-2020.
3. Kontrollutvalet kan vedta enkelte undersøkingar også på andre område enn dei som er nemnt i planen.
4. Kontrollutvalet à jourfører revisjonsplanen ein til to gongar i året. Vesentlege endringar blir lagt fram for bystyret

Harald Rogné  
dagleg leiar

# **Plan for forvaltningsrevisjon 2017-2020**

**Ålesund kommune**

**Desember 2016**

## **BAKGRUNN**

Kontrollutvalet er pålagt å lage ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at bystyret er konstituert. Bystyret må sjølv vedta denne planen, medan kontrollutvalet kan gjere endringar i planperioden etter delegering.

Det er eit krav om at behovet for forvaltningsrevisjon i dei ulike tenesteområda, skal bli identifisert med utgangspunkt i ei *overordna analyse* basert på «*risiko- og vesentlighetsvurderinger*».

Bystyret har det øvste ansvar for tilsynet med forvaltninga.

Kontrollutvalet er det organ som på vegne av bystyret skal gjennomføre dette tilsynet, og er ikkje underlagt andre avgrensingar enn dei som eventuelt er gitt av bystyret.

Kontrollutvalet har eit ansvar for å sjå til at Ålesund kommune er gjenstand for forvaltningsrevisjon. I dette ligg at kontrollutvalet har ei rolle i forhold til å velje ut prosjekt for forvaltningsrevisjon. I kraft av å ha det overordna tilsynsansvaret i kommunen, kan bystyret gje instruksar om igangsetting av prosjekt. I mangel av slike, avgjer kontrollutvalet sjølv dei tenesteområda som skal vere gjenstand for forvaltningsrevisjon.

Kravet om at bystyret sjølv skal vedta innhald og omfang av forvaltningsrevisjon er knytt til ein intensjon om at bystyret bør ha ei aktiv og bestemmande rolle. Det at bystyret har ein rett til å gi detaljerte instruksar, er likevel ikkje det same som ei plikt. Om bystyret legg opp til ein omfattande bruk av instruksar, bryt ein med intensjonen bak det å opprette eit utval der forvaltningsrevisjon er ei viktig arbeidsoppgåve.

Kjerneoppgåvene til kontrollutvalet i samband med forvaltningsrevisjon er:

- Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon
- Rapportar om forvaltningsrevisjon
- Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar

## **PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON**

Den type av revisjonstenester som forvaltningsrevisjon sorterer under, har både nasjonalt og internasjonalt hatt ei rivande fagutvikling dei seinare åra. Det sentrale ved all revisjon er å setje inn ressursane der ein mest truleg finn dei mest vesentlege forbetingane. Det er dette som skal vere det berande prinsipp når kommunestyret og kontrollutvalet skal velje ut prosjekt, og er meiningsinnhaldet i ein plan der vala er basert på «*risiko- og vesentlighetsvurderinger*».

I ein periode på fire år oppstår det gjerne hendingar som gjer at eit kommunestyre og/eller kontrollutval ønskjer å sette i gang undersøkingar. Vi kan kalle slike undersøkingar hendingsbaserte, i motsetnad til risikobaserte. Det kan typisk vere

ei uønska hending eller tilstand som blir kjend gjennom ei varsling, eit medieoppslag eller liknande. Fellesnemnaren er at noko kritikkverdig kan ha skjedd, og kontrollutvalet og/eller kommunestyret ønskjer saka belyst, med fokus på den konkrete hendinga. Formålet kan vere å klarlegge og gi ei framstilling av kva som faktisk har skjedd, og deretter å belyse eller forklare dei utløysande faktorane. Ofte vil media og publikum vere særskilt interessert i slike saker.

Ordet gransking blir gjerne brukt i ein slik samanheng. Det er likevel grunn til å vere varsam med omgrevsbruken. Gransking som undersøkingsmetode er ikkje regulert i kommunelova og er heller ikkje eit eintydig omgrep. Det blir gjerne oppfatta som dramatisk om ein klassifiserer ei undersøking som gransking. Bruken av omgrepet kan tilføre saka ein alvorlegare dimensjon enn den i utgangspunktet har. Det finns retningslinjer for profesjonar si gjennomføring av gransking, til dømes Advokatforeininga sine retningslinjer. Temaet er omtalt i Kontrollutvalsboka.

For mange hendingsbaserte undersøkingar er det tenleg å organisere undersøkinga som eit forvaltningsrevisjonsprosjekt etter standard for forvaltningsrevisjon.

Det er vår erfaring at hendingsbaserte undersøkingar gjerne er *enklare å gjennomføre*, då ein ofte har klart føre seg kva som er aktuelt å sjå nærmare på. Vidare er det gjerne eit *større behov* blant innbyggjarane, media, kommunestyret for slike undersøkingar. Ei slik tilnærming kan mao gi ei *better utnytting* av dei knappe ressursane som er stilt til rådvelde for forvaltningsrevisjon.

Ein statisk plan for heile planperioden med fleire krevjande prosjekt, har etter vår og andre si vurdering, ikkje fungert særleg godt. Det har bunde opp ressursar, som gjer at kontrollutvalet har vore mindre aktuell enn det ein nok må sjå på ønskjeleg. Det bør også vere noko samsvar mellom eventuell kritikk og det tidpunktet ei uønska hendig oppstår. Dette vedkjem også i kva grad ein kan stille rådmannen ansvarleg.

Kommunerevisjonen vil tilrå ein dynamisk plan, som ein revisjonsplan gjerne skal vere. Vi tek sikte på ei drøfting og rullering to gongar i året i kontrollutvalet, der kommunerevisjonen vil vere til stades. Planen vil då bli oppdatert med nye aktuelle kontrolltema sidan førre rullering. I tråd med dette vil behovet bli vurdert opp mot tilgjengelege ressursar. Det er ønskjeleg både for revisjonen og kontrollutvalet at ein får ned tida frå vedtak om ein gjennomgang til rapport blir ferdigstilt.

Vi vil presisere at ein dynamisk plan ikkje er til hinder for at kontrollutvalet eller bystyret kan skjere gjennom og vedta ein gjennomgang når det er ønskjeleg.

## **KONTROLLUTVALET SI RAPPORTERING TIL BYSTYRET**

Det er eit krav at revisor skal rapportere resultata av gjennomførte prosjekt til kontrollutvalet. Normalt vil rapportar bli formidla til bystyret, men kontrollutvalet har inga plikt til dette. Utvalet har derimot ei plikt til å sjå etter at bystyrevedtak knytt til slike rapportar blir følgt opp. Det ligg likevel ikkje til kontrollutvalet å fastsetje på kva måte administrasjonen skal følgje opp vedtaka. Det er stilt krav

om at administrasjonen blir gitt rimeleg tid, men kontrollutvalet må sjølv vurdere bruken av tidsfristar.

## **INNHALDET I FORVALTNINGSREVISJON**

Forvaltningsrevisjon er systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, oppnådd resultat og verknadar ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnadar. I dette ligg om:

- ressursar blir brukt til å løyse oppgåver i samsvar med vedtak og føresetnadar
- ressursbruk og verkemiddel er effektive i forhold til måla som er sett
- regelverket blir etterlevd
- styringsverktøy og verkemiddel er tenlege
- grunnlaget for vedtak i politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav
- resultata i tenesteproduksjonen er i tråd med føresetnadane og om resultata er nådd

Forvaltningsrevisjon skal vere eit reiskap for det øvste politiske organ i forhold til å føre tilsyn og kontroll med forvaltninga og dei resultat som blir oppnådd.

Punkta over seier noko om kva forvaltningsrevisjon bør halde fokus mot. Fokuset bør vere å sikre tenlege styringssystem som igjen sikrar ei målretta og kostnadseffektiv drift. Det sentrale ved forvaltningsrevisjon, er vurderingar om resultata er i tråd med vedtak og føresetnader. I denne forstand er den resultatorientert, og ikkje avgrensa til undersøkingar av økonomi.

I høve til forvaltningsrevisjon, set ikkje regelverket klare avgrensingar til økonomi. Dette fordi ein ikkje finn det tenleg å avgrense kontrollutvalet sitt arbeidsområde. Det å ikkje å avgrense til økonomi, er likevel ikkje det same som at ein ikkje skal fokusere på økonomi. Det vil ofte vere slik at det er lite tenleg at kontrollutvalet gjennom forvaltningsrevisjon, fokuserer på område der andre instansar har tilsyn med kommunen.

Forvaltningsrevisjon, og rapportering av forvaltningsrevisjon, skal skje etter «god kommunal revisjonsskikk» og etablerte standardar på området. Det er også stilt krav om revisjonskriterium for kvart prosjekt. Det er ein måte å seie at det skal gå klart fram kva som ligg til grunn ved vurderinga av forvaltninga.

Revisor skal rapportere resultata av gjennomførte prosjekt til kontrollutvalet. Ved slike rapportar skal administrasjonssjefen ha høve til å gi uttrykk for sitt syn, og dette skal ligge ved. Om revisjonen gjeld eit kommunalt føretak, skal styret og dagleg leiar sitt syn ligge ved.

## **OM RISIKOSTYRING**

Planen skal vere basert på *ei overordna analyse* med det føremål å skaffe fram relevant og nødvendig informasjon, og slik vere til hjelp når kontrollutvalet vel kva for tema ein har behov for ein systematisk gjennomgang av. Utover det at den

skal vere overordna og heilskapleg, samt gjennomført på kort tid med ein beskjeden ressursinnsats, er det ikkje stilt nærmere krav.

Den overordna analysen skal vere basert på vurderingar av risiko og kva som er vesentleg. Ein kommune som styrer risikobasert, arbeider mot å identifisere kva som kan gå galt, med andre ord kva kan skje som inneber at eit tenesteområde ikkje når sine uttalte og ikkje uttalte mål. Vidare blir det prøvd å vite noko om kor sannsynleg det er at noko går gale og kva for konsekvensar det får. Til slutt tek ein slik organisasjon stilling til kva for tiltak ein kan sette inn for å redusere både omfanget av konsekvensane og kor sannsynleg det er at dei oppstår.

Den same tenkinga skal etter regelverket også ligge til grunn ved val av prosjekt innan forvaltningsrevisjon. Ein skal søkje å finne dei teneste- og temaområde der det mest truleg er mest vesentlege avvik frå uttalte og ikkje uttalte målsettingar.

Innanfor ramma av ei verksemd sitt føremål må leiinga etablere strategiske målsettingar, velje strategi og etablere tilhøyrande målsettingar for verksemda.

Rammeverket for risikostyring har fokus på å oppnå målsettingar som ein kan dele inn i følgjande fire kategoriar:

- *Strategiske* – mål på overordna nivå som er i samsvar med og understøttar verksemda sitt føremål
- *Driftsrelaterte* – målretta og kostnadseffektiv bruk av ressursane i verksemda
- *Rapportingsrelaterte* – påliteleg rapportering
- *Etterlevingsrelaterte* – etterleiving av gjeldande lover og reglar

Inndelinga av verksemda sine målsettingar i kategoriar gjer det mogleg å fokusere på ulike aspekt ved risikostyring. Dei forskjellige, men også overlappande kategoriene rettar seg mot ulike behov i ei verksemd og ligg under leiarane sitt ansvarsområde. Denne inndelinga gjer det også mogleg å skilje mellom kva ein kan forvente innan ulike kategoriar.

Då målsettingar relatert til påliteleg rapportering og etterleiving av lover og reglar er innanfor ei verksemd sin kontroll, kan risikostyring forvente å gi rimeleg grad av trygging for at desse målsettingane blir nådd. Oppnåing av strategiske og driftsrelaterte målsettingar er påverka av eksterne hendingar som verksemda ikkje alltid kan kontrollere. Risikostyring kan vere med på å sikre at leiinga og kommunestyret i si tilstysnsrolle, rettidig blir gjort merksam på om verksemdene går mot oppnåing av målsettingane.

Vi har prøvd å gi eit innblikk i kva for tankegods som ligg til grunn i reglane for planverk innan forvaltningsrevisjon. Dei ambisjonane som blir trekt opp er ambisiøse, og det er sjølv sagt positivt. Eit rigid og objektivt planverk vil likevel kunne vise seg å seie lite om det praktiske. Det beste planverket må søke å integrere det objektivt faktabaserte med det subjektivt erfaringsbaserte som politikarar og administrasjonen sitt med. Det er vår og andre si erfaring at eit ambisiøst og vidt planverk gjerne viser seg å vere krevjande å vedlikehalde.

Regelverket er ikkje til hinder for at planen blir rullert i kommunestyret oftare enn kvar valperiode. Det vil kunne sikre god forankring og aktualitet. Vår erfaring er at kommunestyra gjer gode val av prosjekt når dei finn det naudsynt.

## **ANALYSE**

Ei omfattande og detaljert analyse legg bindingar på ressursar og dette kan kome i konflikt med aktualitet. Plan for forvaltningsrevisjon bør difor som tidlegare nemnt etter vår vurdering vere eit dynamisk dokument, med rullerande analyse.

Det er etter vårt syn slik at ei analyse kan vere kvalitativ, altså verbalt drøftande, i staden for å vere kvantitativ. Det kan og vere ein kombinasjon.

## **Vedtak av kommunestyret vedkomande undersøkingar**

Det er ikkje uvanleg at eit kommunestyre ber kontrollutvalet om å sjå nærare på enkeltsaker eller gjennomføre undersøkingar.

## **Oppfølgingssaker frå kontrollutvalet**

Det ligg ikkje føre enkeltsaker som kontrollutvalet har til oppfølging. Det blir arbeidd med selskapskontroll med omfattande forvaltningsrevisjon av ÅRIM IKS.

## **Rekneskap/økonomi**

Den økonomiske situasjonen for Ålesund kommune er kjenneteikna av låge driftsresultat over tid, høg gjeld, samt ytterlegare reduksjon av låge disposisjonsfond.

	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinnt.	1,4	0,4	-1,9	1,5
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinnt.	1,6	0,9	0,6	0,4
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinnt.	89	96,2	102,5	96,1

Driftsresultatet for 2015 er likevel ikkje langt unna eit tilrådd gjennomsnittstal på 1,75% (måltallet vart i 2015 redusert frå 3% til 1,75% grunna omlegging av rekneskapreglar).

Gj.snitt netto lånegjeld 2015 var for kommunegruppe 85,9%, Møre og Romsdal 97,4%, og landet utanom Oslo 81,7%.

Akkumulert underskot i Ålesund kommune var 110,8 mill. kroner pr. 01.01.16

## **Budsjett og budsjettoppfølging**

Etter budsjettforskrifta skal administrasjonssjefen utarbeide forslag til tiltak dersom det oppstår budsjettavvik, og det skal bli gjort endringar i årsbudsjettet når dette er nødvendig. I Ålesund kommune har det tidlegare ikkje vore like vanleg som i andre kommunar å gjennomføre budsjettendringar når ein ser at avvik

oppstår. I 2015 gjorde difor bystyret vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet med der m.a. følgjande gjekk fram:

*Bystyret viser også til kommuneloven § 47 nr. 2 og nr. 3 -jf. også budsjettforskriftene § 10 der det går fram at når det er rimelig grunn til å anta at det kan oppstå nevneverdige avvik i forhold til vedtatt budsjett, skal det i rapportene foreslå nødvendige tiltak. Med tiltak menes ikke bare justeringer i de oppførte inntekter og bevilgninger som er nødvendig for å sikre og opprettholde kravene til balanse i årsbudsjettet, men også til mulige tiltak innenfor budsjetttrammene. Videre vises til kommuneloven § 46 nr. 3 om realismekravet.*

Det er vidare slik at når det gjeld investeringsbudsjettet, så er dette eittårig. Det betyr at det er same krav til budsjettreguleringar på investeringsbudsjettet som det er på driftsbudsjettet dersom det ser ut til å bli avvik. Det inneber vidare m.a. at det til dømes er investeringsbudsjettet som er vedteke i desember 2016 som vil gjelde for 2017. Dersom det viser seg at ein vart forseinka med investeringar i 2016, og at det difor er naudsynt å auka budsjettet i 2017 som følge av dette, må rådmannen leggje fram forslag om dette til bystyret. Det inneberer vidare at dersom det til dømes er tatt opp lån i 2016 i tråd med budsjett, men at det ikkje var behov for å bruke alt, skal det takast omsyn til ved låneopptak i 2017.

Det skal og presiserast at det berre er bystyret som kan vedta budsjettkjema 1A, 1B, 2A og 2B, og eventuelle endringar i desse. Ålesund bystyre har vedteke eit reglement der nettopp det er presisert, men der det samtidig går fram at:

*Rådmannen gis fullmakt til overføring av budsjettbeløp i investeringsbudsjettet som følge av forskyvning av prosjektenes framdrift, ved at budsjettbeløp reduseres i regnskapsåret og overføres til påfølgende budsjettår. Prosjektenes totalbudsjett kan ikke endres.*

Dette punktet i reglementet er etter vår vurdering ikkje i tråd med regelverk. Endringar i budsjettkjema kan ikkje bli delegert på denne måten då det berre er bystyret som kan endre årsbudsjettet, og det er slik at investeringsbudsjett er eittårlige. Det er etter vår vurdering heller ikkje fornuftig å gjøre det slik då bystyret gjennom dette gir frå seg kontroll med det samla investeringsbudsjettet i kommunen. Dette kan vere spesielt uheldig då bystyret har hatt tradisjon for å vedta budsjettkjema 2B på overordna nivå samanlikna med ein del kommunar. Nettopp det at kommunen vedtek på overordna nivå, tilseier i tillegg at det ville vore fornuftig med relativt omfattande prosjektrapportering på investeringsprosjekta til bystyret.

Det vil sannsynlegvis vere aktuelt at kontrollutvalet følger opp sitt og bystyret sitt vedtak, og ber om rådmannen si tilbakemelding om korleis vedtaket har blitt følgt opp.

Kommunerevisjonen vil uansett ta problemstillinga om reglement opp med rådmannen i Ålesund kommune.

## **Generelle utviklingstrekk**

Det har vore ein relativt jamn vekst i tal på innbyggjarar dei siste åra 2013:+1,6%, 2014:+1,2% og 2015:+0,9%. Dette er ikkje langt unna landsgjennomsnittet.

## **Overordna planarbeid**

Kommunen har i 2016 vedteke kommuneplan sin samfunnsdel for 2015-2027.

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal gi målsetningar og strategiar for å nå desse måla. I eit heilskapleg målstyringsarbeid er det etter vår vurdering viktig å ha ein oppdatert vedteken kommuneplan som skal vere det overordna dokumentet på dette området, og det har Ålesund kommune. Kommuneplanen framstår med målsettingar og strategiar for å nå desse måla. Budsjett/økonomiplan nemnar kommuneplanen, men det er kanskje lett å sjå direkte kva strategiar frå kommuneplanen som vert prioritert i budsjett og økonomiplan.

Det er derimot laga ein eigen handlingsdel av kommuneplanen 2017-2020, og denne er relativt konkret både på tiltak og på tidsfristar.

Eit mogleg forvaltningsrevisjonsprosjekt kunne vore om målstyringsarbeidet i Ålesund kommune.

## **Tenesteleverandør og myndigheitsutøvar**

Dette området omfattar kommunen si myndigheitsutøving og tilbod om sentrale tenester til innbyggjarane. Aktuelle spørsmål er mellom anna:

- Blir innbyggane og brukarar likebehandla?
- Blir tenester levert i rett tid, med riktig kvalitet og med ønska effekt?
- Blir sårbare grupper vareteke på ei god måte?

Kommunen har ei rekke områder der det blir utøvd mynde eller blir levert tenester ovanfor store brukargrupper. I tillegg til områder som angår alle som VAR, gjeld det til dømes barnehageområdet med 2.588 barn med barnehageplass (private/kommunale) i 2015, grunnskule med 5.706 elever i kommunale og private skular og 2.125 mottakarar av pleie og omsorgstenester i 2015<sup>1</sup>.

Plan- og byggesaksbehandling er eit anna område som vedkjem mange, og er av stor betydning både for dei som søker, men også for samfunnsutviklinga.

Ein bør også vere særskild merksam på dei mindre og sårbare brukargruppene som barnevernsklientar, rusmiddelavhengige, psykisk sjuke og personar med psykisk utviklingshemming. Det er m.a. utarbeidd rusmiddelpolitisk handlingsplan 2016-2020 med mål og strategiar for Ålesund kommune sin rusmiddelpolitikk. Det er og utarbeidd eigen Re-/habiliteringsplan 2016-2020.

---

<sup>1</sup> Alle tal henta frå KOSTRA-statistikk

Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med kommunale helse- og omsorgstenester til barn i barne- og avlastningsbustader i Ålesund kommune i 2015 (rapport mars 16). Det vart gitt eit avvik: «Ålesund kommune sikrer ikke at de fysiske rammene i barne- og avlastningsboligene er tilpasset hvert enkelt barns særlege behov». Det vart i tillegg gitt ein merknad: «Ålesund kommune bør fortsette med, og videreutvikle, opplæringen av sine ansatte i regelverket og bruken av tvang og makt i barne- og avlastningsboliger».

Det kan vere risiko knytt til kvalitet i barnehage, mellom anna auka ambisjonsnivå med omsyn til språk, bemanning, kompetanse og inne- og uteareal. Fylkesmannen gjennomførte tilsyn seint i 2015. Der vart det avdekt lovbroten ved at det ikkje var sett til at pedagogisk bemanning var i samsvar med regelverket i alle barnehagane i kommunen. Dette trass i kunnskap om at det skjedde regelbrot.

Innan utdanning vil det til dømes kunne vere risiko knytt til om det er lik vurderingspraksis på tvers av skular, og skulane sitt bidrag til elevane si læring. Det vart i førre periode gjennomført forvaltningsrevisjon om spesialundervisning i Ålesund kommune.

Utgiftene til økonomisk sosialhjelp vil kunne auke framover om arbeidsløysa stig. Det kom over 30 000 asylsökjarar til Noreg i 2015, og det er uvisse med omsyn til kor mange som kjem i åra framover, og kor mange som vil bli busett. Dette vil kunne skape press på kommunale tenester dei neste åra sjølv om det på slutten av 2016 ser ut til å gå i motsett retning akkurat no.

Innan barnevernet er det gjerne risiko knytt til m.a. handsaming av bekymringsmeldingar, samarbeid med andre instansar, minoritetskompetanse, kapasitet, etablering og anskaffing av eigna tiltak, rekruttering av foster- og beredskapsheim, oppfølging av barn med tiltak utanfor heimen og omdømeproblematikk. Det omfattar også det å ta god vare på eit mogleg aukande tal på mindreårige flyktningar som kan ha behov for tiltak.

Forvaltningsrevisjon innan området myndighetsutøving og brukartilpassa tenester med tilstrekkeleg kvalitet kan rettast mot sakshandsaming, kvalitet, produktivitet, oppnådd resultat og effektar for brukarane. Dette området omfattar i stor grad arbeidsintensive sektorar der mynde blir utøvd og tenester levert i eit relativt tett samspel med brukarane.

### **Samfunnsutvikling, infrastruktur og samfunnstryggleik**

Det å nå sine mål på dette området krev effektive planprosessar, gode løysingar på tvers av sektorar og hensiktsmessig verkemiddelbruk. Aktuelle spørsmål er m.a.:

- Blir det utført godt og koordinert planarbeid?
- Har kommunen tilfredsstillande beredskap og blir det arbeidd i tilstrekkeleg grad med førebygging?
- Blir det arbeidd målretta og effektivt med utvikling og drift av infrastruktur?

Nokre av punkta over er og relevante for næringsutvikling. For eksempel pådrivarrolle i arealplanar mv i høve til å legge til rette for ulike typar tomter og anna areal (bustader, hytter, næringsbygg mv), om offentleg infrastruktur er tilfredsstillande (Vegar/parkering/kai), bruk av næringsfond eller liknande. Infrastruktur som Vatn, avlaup og renovasjon til god kvalitet er blant kommunen sine viktigaste oppgåver.

Vidare er kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap viktig for å førebygge og om naudsynt handtere hendingar som kan setje liv og helse til innbyggjarane i fare og true vesentleg infrastruktur, funksjonar og verdiar. Slike hendingar kan vere utløyst av naturen, tekniske eller menneskelege feil eller av bevisste handlingar. Beredskap og krisehandtering er viktig for m.a. skular, barnehagar, sjukeheimar og bueiningar.

Forskrift om kommunal beredskapsplikt pålegg m.a. kommunen å jobbe systematisk og heilskapleg med samfunnstryggleik på tvers av sektorar, med sikte på å førebygge og redusere risiko og sårbarheit. Dette set store krav til kommunen si kartlegging, analyser, planarbeid, øvingar og tilsyn.

Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med kommunal beredskapsplikt i februar 2016. Det vart gitt eit avvik: Ålesund kommune manglar heilskapleg ROS analyse. I tillegg vart det gitt 2 merknader.

Forvaltningsrevisjon innan dette området kan vere retta mot arbeidet med reguleringsplaner og anna planarbeid, utbyggingstakt, beredskapsarbeid, tilsyn, ressursbruk, produktivitet, oppnådd resultat og effektar.

## **Arbeidsgjeverpolitikk/HMT**

I løpet av 2015 var det 4.158 tilsette fordelt på 3.085,5 avtalte årsverk i Ålesund kommune (i konsernet inkl KF mv. var det 3.229,3 årsverk) iflg KOSTRA. Dette gjer kommunen til ein svært stor arbeidsgjever.

Aktuelle problemstillingar kan til dømes vere om kommunen har:

- føremålstenlege system og rutinar knytt til rekruttering av nye arbeidstakarar
- føremålstenlege system og rutinar knytt til å behalde og utvikle arbeidstakarane
- føremålstenlege system og rutinar knytt til avvikling av arbeidsforhold
- tilstrekkelege rutinar for handtering av vanskelege personalsaker
- tilfredsstillande rutinar for arbeidet for reduksjon av sjukefråvær og oppfølging av sjukmeldte
- føremålstenlege rutinar knytt til bruk av vikarar og konsulentar
- eit system som sikrar at regelverk knytt til innleige av arbeidskraft blir etterlevd

## Verksemddsstyring, digitalisering og informasjonstryggleik

Området omfattar kommunen sitt arbeid med verksemddsstyring, digitalisering og informasjonstryggleikt. Aktuelle spørsmål er bl.a.:

- Er styringa av drifta god, og blir det jobba målretta med utvikling og omstilling?
- Er det god kontroll med investeringane?
- Blir informasjonstryggleik i kritiske IKT-system godt ivareteke?

IKT er ein stadig viktigare og meir integrert del av tenesteproduksjonen, og er ein føresetnad for god produktivitet, effektivitet og oppnådde resultat og for kommunen si forvaltning generelt. Kommunen sine fellessystem har betydning for effektiv drift i all kommunal verksemd. Ved ei satsing på digitalisering av tenesteproduksjonen, må ein leggje vekt på informasjonstryggleik, slik at verken vital informasjon om kritisk infrastruktur eller personopplysningar kjem på avvege. Ålesund kommune er med i ALV-Møre og Romsdal som er ein læringsarena for velferdsteknologi, og blir drifta som eit samarbeid mellom NTNU i Ålesund og 16 partnarkapskommunar.

For å gi eit tilstrekkeleg tilbod og sikre ein mest mogleg effektiv ressursutnytting, er det nødvendig med god verksemddsstyring, god intern kontroll og gode rutinar og kontrollaktiviteter på alle nivå, samt kontinuerleg modernisering og effektivisering av kommunen si drift. Intern kontroll er eit leiingsansvar.

Mangefull styring kan med andre ord auke risikoien for lav modernisering- og utviklingstakt, vesentlege overskridinger, lågare inntekter enn forventa, ineffektiv tenesteproduksjon, at tenesteproduksjonen ikkje blir av forventa omfang eller kvalitet, samt mislege høve.

Det er eit krav at årsmeldinga til kommunen m.a. skal innehalde «*Redegjørelse for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten.*»<sup>2</sup>. Dette er eit punkt som etter vår vurdering ikkje er veldig mykje omtalt i årsmeldinga for 2015, og det kan vere aktuelt å vurdere dette nærmare etter at ny årsmelding ligg føre.

Forvaltningsrevisjon innanfor området kan bli retta mot verksemddsstyring og intern kontroll, planlegging og styring av investeringar, informasjonstryggleik og styring av IKT.

## Større investeringar

I ny økonomiplan er dei store investeringane lagt inn på sjølvkostområda Vatn og Avløp dei neste åra. Desse investeringane vil verke inn på gebyra som innbyggjarane i kommunen vil måtte betale.

---

<sup>2</sup> Jf. kommunelova § 48 nr. 5 og rekneskapsforskrifta § 10 og § 12

Prosjektstyring, innkjøp mv. kan vere aktuelle tema for kontrollutvalet å sjå nærmare på i samband med investeringar.

### **Mislege høve**

I innbyggjarundersøkelsane (Difi-2013/2015) vart det spurt om: «I hvilken grad mener du at ulike former for korruption, slik som bestikkelse/’smøring’ og favorisering av familie og venner, skjer i norsk offentlig sektor?». Resultatet i Ålesund var at det var ein høgare del som meinte at dette føregjekk i stor/svært stor grad, enn kva innbyggjarane i tilsvarende kommunar meinte. Dette kan vere eit omdømeproblem for kommunen.

Dersom revisjonen oppdagar mislege høve vil dette bli rapportert til kontrollutvalet i form av såkalla nummerert brev (jf. revisjonsforskrifta §4).

### **KOMMUNEREFOMA**

I ein rapport: *Kommunereform – sjekkliste for revisor, kontrollutvalg og sekretariat* frå Norges Kommunerevisorforbund går det fram ei slik anbefaling:

*I kommuner som vil bli berørt av kommunereformen, bør tidshorisont og innhold i overordnet analyse og plan for forvaltningsrevisjon vurderes.*

*Det bør vurderes hvilke forvaltningsrevisjonsprosjekter som vil være mest relevante i en slik situasjon. Kontrollutvalgene bør i denne fasen også vurdere andre kontrollvirkemidler som f.eks. orienteringer fra rådmannen og virksomhetsbesøk.*

Gjennom dei vedtaka som er gjort om samanslutning med andre kommunar vil kommunereforma raskt kunne gje konsekvensar for Ålesund kommune. Ein rullerande plan tek difor etter vår vurdering best vare på fleksibilitet i høve dette.

### **TIMEBUDSJETT**

Kommunerevisjonen har i budsjettet lagt til grunn ei timeramme på 990 timer i året til forvaltningsrevisjon/andre undersøkingar for Ålesund kommune. Denne ramma skal ein sjå over planperioden slik at det kan nyttast mykje timer eit år, og mindre eit anna.

Ein tek sikte på å oppdatere/rapportere bruken av denne timeramma ved oppdatering av planen for forvaltningsrevisjon ved dei to faste møtepunktta i kontrollutvalet.

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Ålesund kommune

Dato: 14.02.2017

**SAK 03/17  
KONTROLLUTVAL/SEKRETARIAT, REVISJON OG KOMMUNE -  
STRUKTURREFORMEN**

Inndelingslova av 15. juni 2001 nr. 70 og forarbeida til denne Ot.prp. nr. 41 (2000-2001) set dei lovmessige rammene for kommunesamanslåingsprosessen.  
Nedanfor vil eg liste opp nokre av dei forholda som er viktig å ha kunnskap om.

Inndelingslova har ikkje heimel til å etablere felles kontrollutval fram til ny kommune er etablert slik at eksisterande kontrollutval fungerer inntil ny kommune er etablert.

Inndelingslova § 25 føreset at fellesmøtet mellom dei aktuelle kommunestyra som fylkesmannen kallar inn til etter at det er gjort vedtak om samanslåing skal drøfte val av revisor for fellesnemnda. Val av revisor skal skje i dei respektive kommunestyra. Vanleg prosedyre er at kontrollutvala i kommunen innstiller i saka.

Fellesnemnda kan få fullmakt til å velje revisor i den nye kommunen. Kontrollutvala i dei samanslåande kommunane skal gi kvar si innstilling.

Når det gjeld folkevald kontroll med verksemda i fellesnemnda, bør den ligge til den enkelte kommune sitt kontrollutval. Dette går fram av Odelstingsproposisjonen nemnt ovanfor under pkt. 8.2.3.

Fellesnemnda kan få fullmakt til å vidareføre deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon og kontrollutvalsekretariat. Kontrollutvala skal avgj i saker om val av sekretariatsordning. Til å utgri ei slik sak bør det nyttast eit settesekretariat.

Kontrollutvala bør etter at vedtak om samanslåing er gjort vurdere å endre fokus frå det å sjå bakover til eit meir «her og no» fokus. Det kan vere aktuelt å be rådmannen om hyppige orienteringar om prosessen. Kontrollutvala bør ha fokus på m.a. internkontroll, interkommunalt samarbeid og eigarstyring.

Eit spørsmål som må bli avklara er kva revisor skal uttale seg om i forhold til fellesnemnda sitt arbeid og kven revisor skal rapportere til. Det er ikkje gitt reglar om rekneskap for fellesnemndene og kva rekneskapen vil omfatte kan truleg variere ut frå korleis nemndene er

organisert. I følgje Odelstingsproposisjon bør den folkevalde kontrollen av fellesnemnda ligge til kvar kommune sitt kontrollutval og kopi av revisor si rapportering bør derfor gå til kontrollutvala.

Når det gjeld forvaltningsrevisjon bør det bli vurdert kva som er mest relevant. Planen bør vere fleksibel og innretta på forhold som skjer i samanslåingsprosessen. Selskapskontrollen bør ha fokus på kvaliteten på kommunane si forvaltning av eigarskap samt behov for framtidig interkommunalt samarbeid.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Kontrollutvalet tek saka til orientering og vil følgje med i den vidare behandlinga.

Harald Rogne  
dagleg leiar

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Ålesund kommune

Dato: 14.02.2017

**SAK 04/17  
FORSLAG TIL REGLEMENT FOR KONTROLLUTVALGET**

Kontrollutvalget vedtok i møte 09.04.2015, sak 12/15, at det i den valgperiode man nå er inne i skal fremlegges sak for bystyret med forslag til reglement for kontrollutvalget.

Et foreløpig utkast ble i lys av dette utarbeidet og drøftet i kontrollutvalget under sak 19/15 den 01.06.2015. De merknader som fremkom der er innarbeidet i vedlagte reviderte utkast.

Et utvalg oppnevnt ved Kgl. res. 21.06.2013 til vurdering av ny kommunelov, Kommunelovutvalget, fremla sin utredning i NOU 2016 : 4. Utvalget har på en del punkter oppsummert gjeldende rett og fremlagt vurderinger som er av betydning også for kontrollutvalgets fremtidige organisering og arbeid, herunder spørsmål som egner seg for regulering i utvalgets reglement. Dette gjelder blant annet høringer i regi av kontrollutvalget, hvor det bl.a. heter:

*«Utvalget har vurdert om det bør lovfestes nærmere regler for gjennomføring av høringer i regi av kontrollutvalget, men har kommet til at det fortsatt bør være opp til den enkelte kommune å fastsette lokale reglementer for gjennomføring av slike høringer.»*

Videre har Kommunal- og moderniseringsdepartementet i 2016 gitt ut oppdatert veileder for kontrollutvalgsarbeidet, Kontrollutvalgsboken (2. utg.). Denne er gjort tilgjengelig for alle kontrollutvalgsmedlemmer. Her omtales, ved siden av høringer, kontrollutvalgets rett til å være til stede i lukket møte i folkevalgt organ (kontrollutvalgsforskriften § 4), praksis med virksomhets- /etatsbesøk og gransking. Dette er blant områdene som det kan være hensiktsmessig at reglementet omtaler.

Hva som ligger til rette for reglementsfesting vil ellers langt på veg være et skjønnsspørsmål. I en viss utstrekning vil dobbeltbehandling i forhold til sentralt regelverk være vanskelig å unngå. En annen utfordring kan være at reglementet ikke bør bli for omfattende og dermed upraktisk tilgjengelig. På den annen side vil utfyllende opplysninger i dokumentet føre med seg en viss lærings- eller påminningseffekt som kan være nyttig for den enkelte.

Under utarbeidelsen har sekretariatet har hatt det ovenstående for øye og søkt å balansere de ulike hensyn, samtidig som **vedlagte** utkast er sammenholdt med reglement for ulike andre kommunale kontrollutvalg i landet.

Sekretariatet tilrår på ovennevnte bakgrunn at kontrollutvalget vedtar å legge saken frem for bystyret med slik

#### i n n s t i l l i n g

1. Utkast til reglement for Ålesund kontrollutvalg godkjennes
2. Kontrollutvalgets interne regler for høringer i regi av utvalget tas til etterretning.

Harald Rogne  
daglig leder

## **REGLEMENT FOR ÅLESUND KONTROLLUTVAL - ORGANISASJON, SAKSBEHANDLING M.V.**

Vedtatt i Ålesund bystyre den ....., sak nr.: ..... med heimel i kommunelova (L25.09.1992 nr 107) § 39 nr. 1.

### **1. Formålet med reglementet, tilhøvet til anna regelverk**

Dette reglementet gir utfyllande bestemmelser om kontrollutvalet si verksemd, herunder organisasjon, saksbehandling og utvalet sitt sekretariat.

Reglementet avgrensar ikkje kontrollutvalet sitt ansvar, eller utvalet sine rettar og plikter, slik desse følgjer av kommunelova med forskrifter. Ufråvikelege reglar om kontrollutvalet går elles fram av forskrift om kontrollutval (F15.06.2004 nr 905) som såleis gjeld uavkorta.

### **2 Organisasjon**

#### **1.1 Organisatorisk plassering**

Kontrollutvalet er direkte underordna bystyret og skal på vegne av dette gjennomføre det løpende tilsynet med kommunen si forvaltning.

#### **1.2 Val, samansetjing**

Kontrollutvalet skal ha 5 medlemmer med gruppevis varamedlemmer i numerisk rekjkjefølgje. Av medlemmane skal minst to medlem vere medlem av bystyret.

Kontrollutvalet sin leiar skal veljast frå eit av dei partia i bystyret som ikkje har ombodet som ordførar.

Kontrollutvalet skal veljast nest etter val av formannskap og ordførar/ varaordførar (kommunelova § 17 nr. 2).

### **2 Saksbehandlinga i kontrollutvalet**

#### **2.1 Kontrollutvalgets saksbehandling skjer i samsvar med reglane i forvaltningslova og ulovfesta saksbehandlingsreglar, samt med bestemmelser i koml. kapittel 6, jfr. koml. § 77. Det blir også vist til kontrollutvalsforskrifta.**

## **2.2 Innkalling, saksliste**

Innkallingar til ordinære møte i kontrollutvalet blir utsendt med minst 5 dagars varsel og skal ha opplysning om møtestad og -tid og kva saker som skal behandlast.

Kontrollutvalet sitt sekretariat syter for innkalling og utsending av saksdokument.

Sakslista med tilhøyrande saksdokument blir sendt til ordførar, rådmann og kommunerevisjonen

Innkallingar og saksdokument blir sendt elektronisk og elles lagt ut på kontrollutvalet sin nettstad:

**[www.kontrollutval.no](http://www.kontrollutval.no)**

Den enkelte adressat for dokumenta kan be om at desse i tillegg blir ekspedert til vedkomande pr. vanleg post.

## **2.3 Saksutgreiing**

Kontrollutvalsekretariatet syter for saksutgreiing og legg fram tilråding til vedtak. Når sekretariatet finn det føremålstenleg, kan det som ledd i saksførebuinga innhente uttale eller utgreiing frå andre, t.d. kommunen sin administrasjon, andre offentlege organ, involverte private informantar, m.v. før saka vert lagt fram for utvalet.

## **2.4 Møterett**

Ordførar, kommunerevisjonen og evt. andre utførande revisorar har møte- og talerett i kontrollutvalet. Rådmannen, eller den han peikar ut, kan innkallast til møta for å svare på spørsmål om faktiske forhold eller klargjere eit saksforhold, jfr. pkt. 2.5 nedanfor.

## **2.5 Utvalet si innhenting av muntlege saksopplysningar**

Utvalet kan kalle inn einkvar som har handla på kommunen sine vegne, som har medverka når det vart gjort vedtak eller ved saksførebuinga av eit vedtak, for å få opplyst eit sakstilhøve eller få svar på spørsmål om dette.

For administrasjonen er det rådmannen som har ansvaret for å sjå til at denne møteplikta blir oppfylt. Når ei slik innkalling ikkje gjeld rådmannen personleg, kan rådmannen peike ut andre frå administrasjonen til å møte og gi opplysningar, evt. saman med rådmannen sjølv. Dersom kontrollutvalet ber om at ein enkelt tilsett møter personleg, skal rådmannen om nødvendig pålegge vedkomande dette. Rådmannen kan då ikkje sette avgrensingar når det gjeld kva den enkelte tilsette skal forklare seg om og rådmannen kan ikkje kreve å vere til stades under forklaringa.

Folkevald representant kan kallast inn til kontrollutvalmøte for å gi informasjon til utvalet om tilhøve som knyter seg til utføringa av vervet eller oppgåva som folkevald.

## **2.6 Opne/lukka møte**

Kontrollutvalet sine møte blir i samsvar med kommunelova haldne for opne dører. I dei tilfella utvalet skal behandle opplysningar som er underlagt teieplikt eller omsynet til personvern krev det, skal møtet lukkast. Dersom andre lovmessige kravogså er oppfylt, kan møtet også lukkast.

## 2.7 Møtebok

Kontrollutvalet sitt sekretariat syter for føring av møtebok

Møteboka skal godkjennast av kontrollutvalet seinast i neste møte.

Utskrift av møteboka skal sendast utvalet sine medlemmar, ordførar og kommunerevisjonen. Melding om vedtak i kontrollutvalet (særutskrifter) blir sendt ordførar og rådmann.

## 2.8 Høyringar

Kontrollutvalet kan vedta å gjennomføre høyringar. Utvalet skal utfrå lovmessige omsyn avgjere om ei høyring skal vere lukka. Kontrollutvalet kan pålegge einkvar tilsett å forklare seg muntleg i ei lukka høyring. I ei open høyring er det frivilleg å avgj forklaring. Som hovudregel skal kontrollutvalet gå via rådmannen ved innkalling av underordna tilsett personell.

Til høyringane kan kontrollutvalet også invitere folkevalde og eksterne informantar. Desse har ikkje møteplikt, verken i opne eller lukka høyringar. Utvalet må vurdere tilhøvet til møtereglane, dvs. om den muntlege informasjonen som blir motteke i form av orienteringar, svar på spørsmål mv., inngår som ein del av kontrollutvalet si behandling av ei sak, slik at alminnelege lovfesta møteregralar skal gjelde.

Kontrollutvalget fastset sjølv nærmere retningsliner for høyringane. Eit slikt internt reglement skal gjere greie for førebuingar og kven som har plikt til å møte.

Reglementet skal sørge for kontradiksjon i høve til den som møter og kva for andre rettar den som møter har. Det kan også rettleie om praktisk gjennomføring, slik som utspørring, osb.

## 2.9 Besök i kommunal verksemد

For å bli kjent med den kommunale forvaltninga, herunder føretak eller selskap, kan kontrollutvalet etablere prosedyrar for møter i verksemder. Ved slik kontakt kan det utvekslast erfaring når det gjeld krav til internkontroll, utvalgte område som offentlege anskaffelsar, HMS m.v., samtidig som utvalet kan motta innspel til kontrollutvalet si risikoanalyse og planlegging av kontroll.

## 2.10 Gransking

Når spørsmåla i saka ikkje er omfatta av ordinær revisjon, kan kontrollutvalet i ekstraordinære situasjonar iverksette gransking, f.eks. i samband med mistanke om korrupsjon, trakkassering eller andre alvorlege tilhøve.

Alt utifrå den konkrete situasjonen skal kontrollutvalet vurdere å gjennomføre ei forundersøking med det føremål å avklare kva for granskingstiltak som kan vere aktuelle å førebu.

I tilfelle der det kan vere tale om personleg ansvar må omsynet til personvern og rettstryggleik for den det gjeld alltid ha fokus.

Ved mistanke om misleg åtferd eller straffbare tilhøve som bør meldast til påtalemakta skal kontrollutvalet ikkje iverksette gransking utan det er nødvendig for å få betre informasjon om sakstilhøvet og dermed eit betre grunnlag for eventuelt å gå vidare med saka.

Utvalet er oppdragsgivar for granskaren og fastset mandat og ramme for granskinga etter ein plan for arbeidet som granskaren eller sekretariatet utarbeider forslag til.

Kontrollutvalet skal særleg vurdere kompetanse, kvalifikasjoner og habilitet hjå den som får i oppdrag å gjennomføre gransking. Det same gjeld dersom granskaren skal utføre ei foreløpig kartlegging av spesifikke spørsmål.

#### 2.11 Oppmøte utanom møte

Utanom dei ordinære fastlagde møta kan kontrollutvalet eller enkeltmedlemmer av kontrollutvalet, innkallast til deltaking i andre møte, konferansar m.v. som er ledd i tilsynsarbeidet og få dekning for tapt arbeidsforteneste, reiseutgifter m.v. etter kommunen sine reglar.

#### 2.12 Generelt

Kontrollutvalet kan sjølv fastsetje nærmere reglar for si saksbehandling som presisering av desse retningslinene.

### 3 Fullmakt og særlege oppgåver for kontrollutvalet

#### 3.1 Fullmakt

Kontrollutvalet tek avgjerd i saker som gjeld kontrollutvalet sitt ansvarsområde og oppgåver etter kommunelova kap.12, forskrift om revisjon og forskrift om kontrollutval, så langt desse reglane ikkje legg avgjerdsmynde til bystyret sjølv. I sistnemnde tilfelle gir kontrollutvalet tilråding til bystyret. Utvalet sin leiar og nestleiar har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir behandla.

Kontrollutvalet kan gi kontrollutvalsekretariatet fullmakt til, i samråd med leiaren, å ta avgjerd i saker som er kurante, og elles når det hastar med å ta avgjerd. I slike høve blir det gitt melding til kontrollutvalet i førstkomande møte.

#### 3.2 Årsbudsjett

Utvalet gir tilråding om kontrollutvalets årsbudsjett. Utvalet si tilråding blir å innarbeide i formannskapet sitt samla framlegg til årsbudsjett og skal følge budsjettsaka til kommunestyret.

#### 3.3 Årsmelding

Utvalet skal leggje fram årsmelding for verksemda i utvalet og fremje denne til bystyret til behandling.

#### 3.4 Opplæring og orientering til andre om kommunen sin eigenkontroll

Kontrollutvalet skal ta omsyn til behovet for opplæring av utvalet sine eigne medlemer og ta initiativ til at dette behovet til eikvar tid vert dekt. Rettleiing om arbeidet i kontrollutvalet bør tilpassast medlemmane sine behov.

Utvalet kan tilby orientering og informasjon om kontrollutvalet si rolle mv. til kommunestyret og andre folkevalde organ.

#### 3.5 Bruk av sakkunnig hjelp

Kontrollutvalet kan gjere seg nytte av sakkunnig hjelp når utvalet finn dette nødvendig. Utgiftene til slik hjelp skal budsjetterast, evt. ved budsjettendring eller med søknad om tilleggsloyming.

- 3.6 Teieplikt (jfr. kontrollutvalsforskrifta § 5)  
Forvaltningslova sine alminnelege reglar om teieplikt, jfr. forvaltningslova § 13 mv., gjeld for kontrollutvalet sine medlemmar og sekretariatet.

#### 4. Kontrollutvalet sin innstillingsrett (jfr. kommunelova § 77)

Før kontrollutvalet rapporterer ei sak til bystyret, skal den sendast rådmannen til uttale. Rådmannen sitt svar skal til vanleg markere administrasjonen sine fullstendige og endelige synspunkt i høve den enkelte saka i kontrollutvalet.

I saker der kontrollutvalet rapporterer resultatet av arbeidet sitt til kommunestyret har kontrollutvalet åleine innstillingsrett.

Eineretten til instilling er ikkje til hinder for at saka i tillegg kan leggjast fram for andre folkevalde organ. Slik eventuell fråsegn kan då ikkje kome i staden for utvalet si saksførebuing, men berre nyttast som eit supplement til denne.

### 5 Kontrollutvalsekretariatet sine oppgåver

- 5.1 Sekretariatstenestene blir utført av Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS. For informasjon om selskapet sjå: [www.kontrollutval.no](http://www.kontrollutval.no).  
Sekretariatet sine arbeidsoppgåver følgjer av forskrift om kontrollutval jfr. også selskapsavtalen for selskapet. Arbeidsoppgåvene er administrativ leiing, saksbehandling og oppfølging av saker til kontrollutvalet

Kontrollutvalsekretariatet skal følgje opp at saker som gjeld kontrollutvalet sitt ansvarsfelt og oppgåver etter lov og forskrift blir ivaretakne og forsvarleg løyst.  
Kontrollutvalet kan legge arbeidsoppgåver til sekretariatet i den grad lov/forskrift ikkje er til hinder for dette.

Kontrollutvalsekretariatet skal sjå til at vedtaka i kontrollutvalet evt. etter behandling i kommunestyret blir sette i verk.

Rett prioritering og god førebuing av enkeltsaker krev til vanleg at det vert etablert ein lopande og god kontakt mellom utvalet sin leiar og kontrollutvalsekretariatet.

- 5.2 Avgrensing mot revisjonsoppgåver  
Kontrollutvalsekretariatet kan ikkje utføre revisjonsoppgåver etter forskrift om revisjon, men skal følgje opp at desse blir utført med rimeleg framdrift og innan fastsette fristar av kommunerevisjonen, evt. av innleigde revisorar.
- 5.3 Tilhøvet til kommunerevisjonen  
I alle saker og spørsmål skal kommunerevisjonen sin kontakt med kontrollutvalet gå gjennom kontrollutvalsekretariatet. På same måte skal oppgåver som etter vedtak i kontrollutvalet skal løysast av kommunerevisjonen formidlast av kontrollutvalsekretariatet.

## **5 Endringar, ikraftsetting.**

Kontrollutvalet kan iverksetje mindre endringar og løpande tilpassingar i reglementet, evt. også som følge av endringar i forskriftene om revisjon og kontrollutval.

Reglementet blir gjort gjeldande frå vedtaksdato i bystyret.

## **Nærare retningslinjer for høyringar i kontrollutvalet - fastsett i medhald av pkt. 2.6 tredje ledd i reglement for Ålesund kontrollutval**

### **1 Kva er høying og når kan den finne stad**

Høying skjer i eit møte der utvalet muntleg informasjon frå personar som er innkalla for å gi opplysingar i ei spesiell sak eller saksområde, og som er kunngjort som høying. Høying blir gjerne brukt der det er behov for å få belyst meir komplekse saker ved muntleg forklaring direkte til kontrollutvalet. Administrasjonen sine ordinære orienteringar og svar på spørsmål fell utanfor høyringsbegrepet.

Tilgangen til høying som kontrolltiltak er basert på at kontrollutvalet har lovbestemt rett til informasjon og kan utan hinder av teieplikt krevje framlagt eikvar opplysning, utgreining eller eitkvart dokument som det finn nødvendig for å gjennomføre sine oppgåver (k. lov §77 nr.7).

I medhald av pkt. 2.6 i kontrollutvalet sitt reglement, kan utvalet gjennomføre høyringar innanfor sitt ansvarsområde. Eit fleirtal av utvalsmedlemene kan bestemme at det skal arrangerast høying.

### **2. Opne eller lukka høyringar**

Høyringa skal i utgangspunktet vere open (jfr. kommunelova § 30 nr. 1), men utvalet kan med vanleg fleirtal avgjere at heile eller delar av høyringa skal vere lukka dersom det ligg føre lovheimel for dette. Eksempelvis kan utvalet berre ta mot opplysningar som er underlagt teieplikt i lukka møte / høying.

I ei opa høying kan ikkje medlemane i utvalet gjengi eller vise til opplysningar som er fortrulege.

### **3. Hovudintensjon med retningslinjene**

Retningslinene skal sikre ein einsarta framgangsmåte for dekking av kontrollutvalet sitt informasjonsbehov i konkrete saker, legge til rette for ei forsvarleg gjennomføring av høyringa, og å sikre rettstryggleiken til dei som blir kalla inn til høyringa.

I tillegg til å dekkje utvalet sitt informasjonsbehov vil *opne* høyringar dessutan ha som effekt at dei opplysningane som kjem fram vert offentleg tilgjengelege, jfr. offentlegprinsippet.

#### **4. Førebuing av høyringa**

Før høyringa gjennomfører kontrollutvalet eit saksførebuande møte. På dette møtet skal utvalet gå gjennom kva for problemstillingar som ein ønskjer å fokusere på. Det skal vidare fastsettast ein framdriftsplan for møtet, bl.a. tidsramme, rekkjefølgje av innlegg og hovudspørsmål.

#### **5. Innkalling til høyring**

Utvalet bestemmer kva for personar som skal innkallast eller inviterast. Alle tilsette i kommunen kan innkallast til å gi muntleg informasjon til eit lukka møte. Innkallinga skal gå gjennom rådmannen, som også har høve til å vere til stades, med mindre kontrollutvalet bed om at ein enkelt tilsett møter personleg.

Dersom høyringa er open, er det frivillig å møte og frivillig å gi forklaringar i ei open høyring, jfr. reglement for kontrollutvalet.

Kontrollutvalet kan også invitere folkevalde og eksterne personar til høyringar for å gi informasjon til opplysning av eit saksforhold som ligg under utvalet sitt mandat å undersøke nærmare. Deltaking her er på frivillig basis uavhengig av om møtet er ope eller lukka.

#### **6. Rettar for den innkalla/invitere**

Innkallinga skal sendast i so god tid som muleg. Det skal opplysast kva for sak eller saksområde som er tema for høyringa, og informerast om retten til å reservere seg mot å gi opplysningane i ope møte. Kopi av dette reglementet skal følgje innkallinga.

Den innkalla skal

- 1) - ha tilgang til utvalet sine saksdokument dersom desse ikkje er underlagde teieplikt
- 2) - ha høve til å stille med medhjelpar/rådgjevar
- 3) - kunne avgjere sjølv om ein vil svare på utvalet sine spørsmål, og eventuelt be om å få gi forklaring i lukka møte

#### **7. Gjennomføring av høyringa**

Leiaren i utvalet innleiar høyringa med å orientere om temaet og dei prosedyrar som gjeld. Høyringa blir leia av utvalsleiaren eller den han/ho peikar ut. Møteleiaren bestemmer taletid for innlegg og kven som skal stille spørsmål.

Før utspørringa startar, skal den som er innkalla ha høve til å gi ei framstilling av saka. Etter at hovudutspørjar er ferdig med sine spørsmål, kan utvalsmedlemene stille oppfølgingsspørsmål. Den innkalla skal ha høve til å samanfatte saka etter at utspørringa er ferdig.

Meiningsutveksling mellom utvalsmedlemmane skal ikkje skje under høyringa.

Det skal ikkje voterast eller trekkjast konklusjonar under høyringa. Utvalet avgjer i seinare møte korleis opplysningane som har kome fram under høyringa skal følgjast opp.

Det skal først referat frå høyringa.

## **8. Innhenting av informasjon til ordinære møte**

Utvælet kan innkalle eller invitere personar som kan gi informasjon til opplysing av ei sak, utanfor det alminnelege ordskiftet i eit ordinært møte. Dette er ikkje definert som "høyring", og dei tilsvarende prosedyrane gjeld ikkje. Reglane for kven som kan innkallast er dei same som for ei høyring.

## **9. Kunngjering**

Høyringar i kontrollutvælet skal kunngjerast.

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalget i  
Ålesund kommune

Dato: 14.02.2017

**SAK 05/17  
ÅRSMELDING 2016 – ÅLESUND KONTROLLUTVALG**

Som vedlegg følger:

- Forslag til årsmelding

På bakgrunn av ovenstående blir saken lagt fram for kontrollutvalget med forslag om slikt

**vedtak:**

Det vedlagte forslag til årsmelding datert 23.02.2017 vedtas som årsmelding 2016 for  
Ålesund kontrollutvalg.

Harald Rogne  
daglig leder

## **ÅLESUND KOMMUNE KONTROLLUTVALGET**

### **ÅRSMELDING FOR VIRKSOMHETEN I 2016**

Etter Lov om kommuner og fylkeskommuner § 77 er det pålagt for kommunene å ha kontrollutvalg.

Kommuneloven har som formål at kommunens virksomhet skal:

- tilrettelegge forholdene for et funksjonsdyktig kommunalt folkestyre og for en rasjonell og effektiv forvaltning av de kommunale fellesinteressene innenfor rammen av det nasjonale felleskap og med sikte på en bærekraftig utvikling.
- Legge til rette for en tillitskapende forvaltning som bygger på en høy etisk standard

Dette gir mål for kontrollutvalgets arbeid og peker ut en retning for hvordan utvalget skal utøve rollen sin. Disse målene gjenspeiles i hensikten med både regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og andre typer kontroller. Årsmeldingen gir informasjon om hvilke oppgaver kontrollutvalget har hatt fokus på i 2014 og dermed hva utvalget har gjort for å bidra til å nå de overordnede målene.

Kontrollutvalget skal på vegne av bystyret stå for det løpende tilsynet med kommunens forvaltning. Utvalget rapporterer og gir innstilling direkte til bystyret i saker der dette er oppgaven.

I medhold av kommuneloven har kommunaldepartementet fastsett forskrifter om kontrollutvalg den 15. juni 2004. I forskriften er det gitt regler for valg og sammensetting av utvalget, om utvalget sitt ansvar og oppgaver, om saksbehandling og sekretariat.

Mellan annet skal utvalget føre tilsyn med at revisjon av årsregnskapet skjer på en betryggende måte og at det blir utført forvaltningsrevisjon og tilsyn med eierskap i selskap der kommunen er eier eller deleier i (selskapskontroll).

Etter regelverket skal kontrollutvalget ha eget sekretariat, uavhengig av administrasjonen og den valgte revisjon. Sekretariatet skal mellom annet se til at sakene som blir lagt fram for kontrollutvalget er forsvarlig utredet.

Etter kommunevalget i 2015 har utvalget følgende sammensetning for valgperioden 2015 til 2019:

Leder: Torgrim B. Finnes (H)  
Nestleder: Terje Storm S. Unhjem (Frp)

Medlem: Torbjørg Fossum (Sp)  
Medlem: Thor Hansen (Ap)  
Medlem: Terri-Ann Senior (Ap)

## Aktiviteten i året

Kontrollutvalget har hatt 6 møter i 2016 og behandlet 37 saker. Møtebøker fra kontrollutvalgets møter skal oversendes bystyret til orientering. Bystyret får dermed oversikt over aktiviteten i kontrollutvalget. I saker der kontrollutvalget gir innstilling eller uttalelser til bystyret, blir det sendt særutskrift og saksdokument til bystyret.

Foruten behandling av kommunens regnskaper og årsmelding nevnes at kontrollutvalget har sett det som en viktig oppgave å ha en løpende oppfølging av kommunens økonomiske situasjon både gjennom behandling av kommunens regnskaper og økonomirapporter. Dette har hatt prioritet også i 2016.

Kontrollutvalget har lagt fram en egen sak for bystyret om plan for selskapskontroll. Som et ledd i selskapskontrollen har kontrollutvalget hatt en gjennomgang av kommunens eierskapsmelding i forkant av den kommende selskapskontrollen.

En KPMG-rapport og Ålesund Kommunale Eiendom har vært behandlet i kontrollutvalget og er til videre oppfølging.

Kontrollutvalget har arbeidet med oppfølging av tidligere forvaltningsrevisjonsrapporter og tilsynsrapporter. Det nevnes her spesielt tilsynsrapporter om Ålesund Interkommunale legevaktordningen samt utbytte, lederlønn og lån relatert til private barnehager.

Kontrollutvalget har hatt en løpende oppfølging av vedtak i kommunen.

Det har blitt lagt vekt på å delta i relevante fora for å holde seg oppdatert om informasjon som er aktuell for kontrollutvalget sine oppgaver. Et viktig bidrag her har vært den årlige kontrollutvalgkonferansen. Kontrollutvalget har gjort flere framstøt for å forbedre sine rammebetingelser for opplæring. Rammene har vært såpass lave at det ikke har vært rom for opplæring av alle medlemmene i utvalget. Utvalget er nå av den formening at dette er en problemstilling som bør bli vurdert i bystyret.

Når kontrollutvalget har ønsket mer informasjon om kommunens virksomhet og samtidig gjøre egen funksjon mer kjent, har rådmannen blitt invitert for å orientere. Også revisor har blitt invitert til å orientere om revisjonsarbeidet.

Medlemmene i kontrollutvalget er kjent med at kontrollutvalget sine oppgaver er mange og viktige. Kontrollutvalget har tatt sikte på å bidra til at det blir skapt tillit til kommunen og at kommunen framstår som troverdig for brukere og innbyggere med likebehandling som et grunnleggende mål. Tilsyns- og kontrollordningen skal medvirke til å skape legitimitet til disse prosessene med en kritisk og konstruktiv tilnærming. For å nå dette målet har det vært viktig med dialog med kommunens ledelse.

Ålesund, 23.02.2017

Torgrim B. Finnes  
leder  
(sign.)

Terje Storm S. Unhjem  
nestleder  
(sign.)

Torbjørg Fossum  
medlem  
(sign.)

Thor Hansen  
medlem  
(sign.)

Terri-Ann Senior  
medlem  
(sign.)

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalget i  
Ålesund kommune

Dato: 14.02.2017

**SAK 06/17  
OPPFØLGING AV TIDLIGERE SAK OM LEDERLØNN, UTBYTTE OG LÅN I  
PRIVATE BARNEHAGER**

Det blir vist til sak 36/16 der kontrollutvalget fattet følgende enstemmige vedtak:

1. Kontrollutvalget ber om statusrapport i januar 2017
2. Rapporten blir å oversende kontrollutvalget når den foreligger.

Det blir tatt sikte på en statusrapport i møtet.

Harald Rogne  
daglig leder

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalget i  
Ålesund kommune

Dato: 14.02.2017

**SAK 07/17  
ØKONOMISKE RAMMER FOR KONTROLLUTVALGET**

Ålesund kontrollutvalg behandlet den 12. april i sak 20/16 en sak om budsjett for kurs og opplæring for kontrollutvalget.

I medhold av § 18 i forskrift om kontrollutvalg skal kontrollutvalget utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalgets forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet i kommunen skal følge formannskapets innstilling til bystyret.

Ettersom kommunens kontrollutvalgsekretariat og kommunerevisjonen er interkommunale selskaper der selskapenes budsjetter blir vedtatt av selskapenes representantskap, vil kontrollutvalgets budsjettforslag bare omfatte kontrollutvalgets egne budsjetterte utgifter/inntekter og utgjør bare en del det samlede budsjett for kommunens kontroll- og tilsynsarbeid.

Samlet godtgjørelse til kontrollutvalget vil også være en del av kommunens godtgjørelse til folkevalgte og blir ivaretatt av andre instanser.

Det er viktig at kontrollutvalget får holde seg ajour kunnskapsmessig. Nyten av å treffe kontrollutvalg i andre kommuner og fagmiljø er stor. Den viktigste samlingen er den årlige kontrollutvalgkonferansen. I tillegg kan det bli andre samlinger. Særlig kontrollutvalgkonferansen er av en slik kvalitet og har en så stor informasjonsverdi at hele utvalget bør ha mulighet til å delta. Kontrollutvalget innstilte til bystyret å bevilge 70.000 kroner til dette formålet. Sluttsresultatet ser ut for, i følge mottatt dokument, å være på 20.000 kroner.

Det kan være grunnlag for å se nærmere på saksbehandlingsrutinene som er benyttet i denne saken. Kombinert med dette bør utvalgets medlemmer ha en dialog med sine partigrupper om kontrollutvalgets behov.

Harald Rogne  
daglig leder